

Kulturhistoriske registreringar

Reguleringsplan for Bybanen Sentrum-Fyllingsdalen.
Parsellhagen og Fløenbakken. Delstrekning 1, Nonneseter
- Kronstad

RAPPORT 30 2016



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkeskonservatoren ved Kultur- og idrettsavdelinga som utfører det kulturminneglede arbeidet. Planområda vert sjekka ut i hove til arkivopplysninga om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminneglede vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagd tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.

Innhold

1. Samandrag.....	5
2. Bakgrunn.....	5
3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep	6
4. Metode	7
5. Området.....	8
6 Tidligare funn - kjende automatisk freda lokalitetar.....	15
7. Undersøkinga	16
7.1 Automatisk freda kulturminne	19
Askeladden id. nr. 224929 - Fløenbakken	19
7.1.1 Skildring av sjakter	22
7.2 Nyare tids kulturminne	45
8. Oppsummering.....	46
9. Konklusjon.....	47
10. Vedlegg	47

Figurliste

Figur 1 Oversikt over dei arkeologiske periodane.....	6
Figur 2. Hovudområdet for den arkeologiske registreringa.....	8
Figur 3. Utsnitt av plankart som viser områder som vart undersøkt.....	9
Figur 4. Parsellhagen 1935 – 1937	10
Figur 5. Parsellhagen 1958	10
Figur 6. Kart over Bergen med planområdet markert.....	11
Figur 7. Flyfoto fra parsellhagen	12
Figur 8. Undersøkingsområdet mot SV	13
Figur 9. Undersøkingsområdet mot SA	13
Figur 10. Undersøkingsområdet mot V	14
Figur 11. Undersøkingsområdet mot SA	14
Figur 12. Kjende automatisk freda kulturminne i nærleiken	16
Figur 13. Sjakt 11 mot N.....	17
Figur 14. Oversikt over sjakter, dyrking og strukturar	18
Figur 15. Lokaliteten.....	19
Figur 16. Lokaliteten med sjakter, strukturer og dyrkingsspor markert	19
Figur 17. Strukturliste	20
Figur 18. Oversikt over dateringar.....	20
Figur 19. Forenkla oversikt over dateringar. Skravert dyrking tydar torvhorisont.....	21
Figur 20. Sjakt 3. Raudt omriss synar utbreiinga av de fossile dyrkingsslaget.....	22
Figur 21. Sjakt 3 Profil mot NNV	23
Figur 22. Sjakt 3 profilteikning.....	23
Figur 23. Sjakt 3, den dokumenterte profilen i større utstrekking. Mot vest.....	23
Figur 24. Dyrkingsslag i sjakt 3. Når sjakta var grunnare vart laget meir fragmentert. Mot nordvest ..	24
Figur 25. Sjakt 2	25
Figur 26. Sjakt 2 Profil	25
Figur 27. Profilteikning sjakt 2. Nordleg profil	26
Figur 28. Sjakt 2 mot sørvest	27
Figur 29. Sjakt 2 profil av vollen mot nordvest	27
Figur 30. Sjakt 1	28
Figur 31. Sjakt 1 mot NA	28
Figur 32. Profil sjakt 1	29
Figur 33. Profilteikning sjakt 1, sørleg profil	29
Figur 34. Struktur 1 i sjakt 1, snitta kokegrop	30

Figur 35. Struktur 1 i sjakt 1 profilteikning	30
Figur 36. Sjakt 5	31
Figur 37. Sjakt 5	31
Figur 38. Sjakt 5 profil mot N	31
Figur 39. Sjakt 6	32
Figur 40. Sjakt 7 mot NA	33
Figur 41. Sjakt 7	33
Figur 42. Sjakt 7 mot SV	33
Figur 43	35
Figur 44. Sjakt 8 mot aust	36
Figur 45. Sjakt 8	36
Figur 46. Sjakt 8 sørleg profil	37
Figur 47. Struktur 2	38
Figur 48. Struktur 2 profil	38
Figur 49. Struktur 2, kokegrop	38
Figur 50. Oversikt over dateringar frå sjakt 8	39
Figur 51. Sjakt 9 mot aust	40
Figur 52. Sjakt 9. Stipla linje merker område med dyrking	40
Figur 53. Struktur 3	41
Figur 54. Struktur 3 planteikning	41
Figur 55. Struktur 4 plan	41
Figur 56. Struktur 4 profil	41
Figur 57. Struktur 6 plan	41
Figur 58. Sjakt 9. Bilete mot aust	42
Figur 59. Sjakt 9. Bilete mot aust etter lag C var grave frem	42
Figur 60. Struktur 5 profil	43
Figur 61. Struktur 5 plan	43
Figur 62. Struktur 5 profil	43
Figur 63. Opprens av lag A	44
Figur 64. Hellelagd sti i sjakt 1. Mot nordvest	45

Vedlegg

Utskrift frå kulturminnedatabasen «Askeladden».

For feitfoto viser ein til HFK sitt fotoarkiv «Fotostation».

1. Samandrag

I samband med planar for Bybane frå Sentrum til Fyllingsdalen i Bergen kommune, har Kultur- og idrettsavdelinga ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartlegge eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i planområdet. Registreringa vart utført i perioden 7. november til 1. desember av arkeologane Lars Røgenes, Anders Strandheim Wahlborg og Øystein Skår. Rapporten er skriven av Anders Strandheim Wahlborg.

Det vart totalt grave 11 sjakter innanfor planområdet. Det vart påvist mellom anna fleirfasa dyrkingshorisontar og aktivitetsspor i form av kokegropar. Tidsmessig spenner funna frå yngre steinalder til eldre jernalder. Alle disse funna inngår i ein og same lokalitet som har fått id. nr. 224929 i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

2. Bakgrunn

Bergen kommune varsle oppstart av reguleringsplan for Bybanen Sentrum – Fyllingsdalen, Delstrekning 1, Plan-ID 64040000, i brev datert 27.11.2014. Varslingsområde var då svært omfattande og traséval var ikkje vald. Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til saka i brev datert 03.02.2015. I mai 2016 hadde Bergen kommune innsnevra planområdet og i møte 6. juni 2016 vart planen lagt fram for Fylkeskonservatoren og Bergens Sjøfartsmuseum. Det vart varsle på møte at det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering både på land og i sjø for å oppfylle undersøkingsplikta. Kostnadsoverslag vart utarbeidd då nye planteikningar var ferdigstilt og sendt til kommunen i brev datert 26.09.2016. Kostnadsoverslaget vart godkjent av Bergen kommune 27.10.2016.

Bergen kommune la ut forslag til områdereguleringsplan for Bybane Sentrum-Fyllingsdalen på offentleg ettersyn i perioden 07.01.2017 til 21.02.2017. Den arkeologiske registreringa vart gjennomført i perioden 07.11 – 01.12.2016.

3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

Kulturminne er konkrete spor etter menneskes liv og virke. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. Kulturminneloven § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. Kulturminneloven § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom Kulturminneloven er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminneloven § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 9000 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommesolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidlige neolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 1 Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvalting og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei

data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. Kulturminneloven § 9.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i Kulturminneloven eller verte regulerte til vern med heimel i Plan- og bygningsloven. I Sefrak-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 Sefrak-registrert.

4. Metode


Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflaten, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell flateavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.

Maskinell flateavdekking er ein arkeologisk registreringsmetode ofte nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Metoden går ut på at ein fjernar jordlag med gravemaskin ned til undergrunnen eller til uforstyrra lag med funn av forhistoriske spor. Når den overdekkande jordmassen blir fjerna av gravemaskina følg arkeologane maskina og reinsar fram den avdekka flata for å påvise spor etter førhistorisk aktivitet. Slike spor er til dømes stolpehol og veggriller etter hus, ulike typar nedgravingar som graver, kokegropar og eldstadar, ardspor etter førhistorisk jordbruk eller restar av kulturlag eller dyrkingslag. Ved registreringa er det opna opp søkesjakter i kring tre meters breidde og i varierande lengde. På bakgrunn av kunnskap om tidlegare kjende kulturminne i området, terrenget og nærleik til sjøen kunne ein venta å finne spor frå bronsealder og jernalder i planområdet. Ved registreringa ble det sjakta med gravemaskin.


5. Området

Hovuddelen av undersøkelsesområdet ligg i Fløen parsellhage, gnr. 165 bnr. 66, i Fløenbakken på Årstad i Bergen kommune. (Fig. 2). Parsellhagen er anlagt i eit slakt hellande terren. I austleg og nordleg retning stig terrenget bratt opp mot Årstad. I dei bratte partia veks det skog, og det går ein mindre veg opp bakken. Elles er hagen inndelt i parsellar som er beplanta og dyrka. Det er eit SEFRAK registrert bygg midt i området som vert nytta som reiskapshus (SEFRAK-nr. 1201-0511-008) og ein brønn.

Årstadvollen har fleire naturlige avgrensingar: store Lungegårdsvann i nordvest, Hunstad i vest, Haukeland i sør og Møllendalsveien og Svartediket i øst, og Starefossen og Fløenbakken ved Krossbru i nord, der terrenget er brattast og kor det ligger terrasser og platå. I nord ligger også mange elveleie som i tidligare tider markerte grenser for gardsbruk. Den gamle kongsgarden låg truleg lengst ut på Årstadplatået. Gardstrunet på garden Alrekstad låg solvendt mot dette platået som var stort og bestod av lett dyrkbar overflate som var sjøvdrenerande. Det er også store grøntareal av historisk verdi i området. Området er kjenneteikna av mange kommunikasjonsårer på fjellsida, deriblant et stort tal gardsstiar som har vore nytta i fleire århundre. Årstadgeilen var den eldste vegen som gikk ned til sjøsida. Kalfarvegen var den opphavlege ferdelsvegen i Bergen fra sør til aust som gjekk gjennom mange kulturhistoriske områder. I nærleiken av denne vegen er det også historiske hageanlegg som er bygd for rekreasjon.



Figur 2. Hovudområdet for den arkeologiske registreringa



Figur 3. Utsnitt av plankart som viser områder som vart undersøkt

Området som vart undersøkt ligg i det som no er Fløen parsellhage (Fig. 4-5 og 8-11). Her har det før vore skulehage. Skulehagen vart oppretta i 1914. Rett sør for undersøkingsområdet skal det også ha vore eit sandtak som vart nedlagt i byrjinga av 1930-talet.



Figur 4. Parsellhagen 1935 – 1937, sandtak til høyre i biletet. Utsnitt. (ubb-w-sh-005043, fra Widerøsamlingen. MARCUS, UiB)



Figur 5. Parsellhagen 1958 (ubb-w-sh-119797, fra Widerøsamlingen. MARCUS, UiB)



Figur 6. Kart over Bergen med planområdet markert



Figur 7. Flyfoto fra parsellhagen



Figur 8. Undersøkingsområdet mot SV



Figur 9. Undersøkingsområdet mot SA



Figur 10. Undersøkingsområdet mot V




Figur 11. Undersøkingsområdet mot SA

6 Tidligare funn - kjende automatisk freda lokalitetar

Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne i nærområdet på Årstad (fig. 12) Ved Årstadgeilen er det funne dyrkingsflate (Askeladden id. 95908-1) og dyrkingsspor (Askeladden id. 115911-1) og fleire førhistoriske kulturlag og dyrkingshorisonter med ein mogleg eldstad/kokegrop datert til jernalder/mellomalder. Det er også funne ein åkerrein (Askeladden id. 115911) som er datert til førreformatisk tid. Litt lenger nord ligg eit anna dyrkingslag ved Årstadgeilen 12 (Askeladden id. 95908). Lengre nord ligger lokaliteten Odontologen 1 (Askeladden id. 91312). Her er det funne dyrkingslag som er datert til bronsealder. På lokaliteten Odontologen 2 (Askeladden id. 91314) er det funne ei kokegrop datert til romartid. Litt over 30 meter øst for Årstadgeilen ligger eit anna sannsynleg dyrkingslag på lokaliteten Odontologen 3 (Askeladden id. 94777).

Det er eit kjend gravminne i Fløenbakken 41. Gravhaugen var nesten 25 meter lang og 1,5 meter høg (Askeladden id. 113867). Dateringa er usikker. Lokalhistorikeren Andreas Barsnes meinte at det var ei mogleg hovdingegrav i frå 5. eller 6. århundrede, medan historikar Knut Helle hevder at den er i frå vikingtida (Helle 1995:71). Det skal også ha vorte funne jarnvåpen. Ei hustuft er funne på lokaliteten Haraldsplass (Askeladden id. 104249), datert til førromersk jernalder. På Statsarkivets eigedom ligger det også ein lokalitet som består av to kulturminner. Under asfalten her vart det funne ei kokegrop som er blitt datert til førromersk jernalder (Askeladden id. 99509-1), og eit dyrkingslag datert til eldre bronsealder (Askeladden id. 99509-2). Denne lokaliteten vart utgrava i 2007, dette resulterte i funn av dyrkingslag frå eldre bronsealder og førromersk jernalder samt hus frå romartid og folkevandringstid. Det vart også funne ei rekke med kokegropar, eldstader og omnsanlegg frå romartid, folkevandringstid og merovingartid.

Det er også tidlegare funne kyrkjeruinar frå ei steinkyrkje (Askeladden id. 222154-1) med tilhørande kyrkjegard (Askeladden id. 222154-2) frå Årstad gamle kyrkjested (Askeladden id. 222154) frå mellomalderen. Avgrensinga og lokaliseringa er førebels uavklard og det er ikkje synlege ruinar igjen i dag.



Figur 12. Kjende automatisk freda kulturminne i nærleiken

7. Undersøkinga

Undersøkinga i Parsellhagen gjekk føre seg i perioden 7. november – 1. desember 2016, og vart utført av arkeologane Lars Røgenes, Anders Strandheim Wahlborg og Øystein Skår.

Det vart totalt grave 11 sjakter innanfor planområdet (fig. 14). Ni av dei vart grave i parsellhagen. Det vart påvist seks strukturar og ei rekke forhistoriske dyrkingslag. Alle disse funna inngår i ein og same lokalitet som har fått id. nr. 224929 i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

Grunna plan vart det også grave to sjakter nokre lengre sør i nærleiken av eit stort gravminne (Askeladden id. 113867). Her vart det ikkje gjort funn. Det var tjukt overdekket opp til halvannen meter beståande av nedbroten torv, og undergrunnen bestod av gråleg sand og grus. (fig. 13 - 14).

Av nyare tids kulturminne vart det funne ein hellelagt sti, truleg frå skulehagens etableringsfase.



Figur 13. Sjakt 11 mot N



Figur 14. Oversikt over sjakter, dyrking og strukturar

7.1 Automatisk freda kulturminne

Askeladden id. nr. 224929 - Fløenbakken

Skildring av lokaliteten:


Lokaliteten ligg på mellom 19 og 26 meter over havet i den øvste delen av parsellhagen i Fløen. Mot aust er lokaliteten avgrensa av bratt skråning opp mot Årstadvollen. Mot sør av bebyggelse og mot nord og vest av negative sjakter og funntomme områder.

Totalt omfattar lokaliteten 2953 m².

I bakken mot aust er det en god del større tre, medan resten av lokaliteten er dyrka som parsellhagar. Trea vart planta på 30-talet for å stabilisere grusmassane etter eit ras. Det vart gjort funn i til saman sju sjakter. Det dreier seg om seks strukturer, fordelt på tre sjakter. Utover dette vart det også funnet dyrkingsspor i alle de syv sjaktene.



Figur 15. Lokaliteten





Figur 16. Lokaliteten med sjakter, strukturer og dyrkingsspor markert

Nr	Type	lengde	breidde	djupne	form	sider	botn	merknad
1	Kokegrop		12	16			Flat	Skjørbrent stein, lite kol. Torvlag
2	Kokegrop	84	65	-	Oval			Skjørbrent stein. Myke kol. Kutta
3	Kokegrop	120	116	-	Rund			
4	Stolpehol	25	25	17	Rund	Rette	Bua	
5	Kokegrop	125	-	17		-	-	Skjørbrent stein. Mykje kol. Kutta.
6	Kokegrop	90	65		Rund	-	-	

Figur 17. Strukturliste

Det vart teke ut dateringsprøver frå ei rekkje profilar og strukturar. Det vart valde ut ti stykk som vart sendt til datering (fig. 17). Prøvane vart valde ut etter eit ynskje om å få dateringar som fangar opp spennet i tid. Det vart også sendt prøver frå alle dyrkingslaga i profilen frå sjakt 7 for å få datert heile sekvensen. I teksten elles vil dateringane bli oppgitt i kalibrerte kalenderår med beta nr som korresponderer med vedlagt dateringsrapport (sjå vedlegg).

**Figur 18. Oversikt over dateringar**




Figur 19. Forenkla oversikt over dateringar. Skravert dyrking tydar tørvhorisont.

7.1.1 Skildring av sjakter

Når sjaktene no vert skilda vert det gjort frå nord til sør og ikkje i den rekkefølga dei vart grave.


Sjakt 3 er orientert nordaust – sørvest og heller mot sørvest. Sjakta er 42 meter lang og 3 meter brei. Omlag midt i sjakta vart den flytta litt mot nord for og unngå ei veite som gjekk på langs i sjakta. Det vart funne rester av eit dyrkingslag som strekk seg frå byrjinga av sjakta og om lag 24 meter mot sørvest (fig. 20 – 23). Profilen vart dokumentert øvst (nordaust) i sjakta der den var djupast og mest stratifisert. Profilen er 2,25 meter høg og består av 14 forskjellige lag. Lag 6 i profilen vart tolka som eit dyrkingslag. Laget er 5 – 7 cm tykt og består av mørk grå silthaldig sand spettet med trekol. Lag 5 som ligg over består av mørk brun torv, mens laget under (lag 7) er gulbrun sand og grus. Utover lag 6 består heile profilen av lag vekselvis beståande av mørk brun torv eller lys sand og grus. Dette vert tolka som eit produkt av ras eller erosjon som har lagt seg opp over tid, noko som passer godt med at sjakta er på sitt djupaste i byrjinga og blir grunnare når terrenget flatar ut. Det vart teke ut kolprøve fra lag 6 som vart datert til yngre bronsealder, 760/675 f.Kr. (beta nr. 454227). Den sørvestlege halvdelen av sjakta var utan funn og tydeleg omrota og forstyrra av moderne tiltak.



Figur 20. Sjakt 3. Raudt omriss synar utbreiinga av de fossile dyrkingslaget



Figur 21. Sjakt 3 Profil mot NNV



Figur 22. Sjakt 3 profilteikning



Figur 23. Sjakt 3, den dokumenterte profilen i større utstrekking. Mot vest.


Det gjekk ei veite på tvers at sjakta og ei langsmed. Veitene gjorde at ein har måtte endre litt på retninga til sjakta. Der sjakta vart grunnare og terrenget flatt vert også stratigrafien mindre kompleks. Likevel vart dyrkingslaget følgt til om lag midt i sjakta. Her var sjakta vart relativt grunn før terrenget

etter kvart fall ned igjen, då sjakta vart djupare i den sørvestlege delen. Om lag midt i sjakta låg ein voll. Denne vollen var tydeleg i sjakt 1 og 2 også, og følgde terrenget gjennom hagen. Massane sørvest for vollen, i den nedste delen av parsellhagen, var mykje meir omrota. Her har truleg arbeidet med skulehagen satt djupare spor.



Figur 24. Dyrkingslag i sjakt 3. Når sjakta var grunnare vart laget meir fragmentert. Mot nordvest.

Sjakt 2 var 50 meter lang og orientert frå nordaust til sørvest. Sjakta var 3 meter brei og det vart grave bort to veiter som gjekk på tvers av sjakta.




Figur 25. Sjakt 2



Figur 26. Sjakt 2 Profil

Profilen som vart dokumentert var 2,10 meter høg og hadde eit 60 cm tykt lag med torv og matjord øvst. Den liknar mykje på profilen frå sjakt 3 og bestod av fleire lag med torv delt opp med ras-/erosjonslag som besto av sand og grus, undergrunnen bestod av grå sand og grus (fig. 25-26). Det vart ikkje funne noko utprega dyrkingslag som en parallel til lag 6 i sjakt 3. I likskap med sjakt 3 er den sørvestlege delen av sjakta omrota.



Figur 27. Profilteikning sjakt 2. Nordleg profil.



Figur 28. Sjakt 2 mot sørvest


I likskap med sjakt 3 så byrjar undergrunnen å stige utover i sjakta. Og det dannar seg ein voll om lag midt i sjakta. I sjakt 2 vart det bestemt at me skulle grave oss igjennom vollen for sjå korleis denne har verte danna. Vi grov oss igjennom på den nordlege bredda av sjakta, mens i den sørlege delen let vi vollen vera (sjå Figur 27). Det vart tydeleg at vollen er danna av naturlege prosessar og er enten avsett av isen eller sjøen. Denne vollen har danna ein terskel for vatn, noko som har resultert i at den øvste delen av hagen til tider har vore relativt fuktig. Det er truleg også grunnen til at dei torvlaga vi ser i fleire av profilane har vorte danna.



Figur 29. Sjakt 2 profil av vollen mot nordvest

Sjakt 1 var 48 meter lang, med eit opphald på 3,5 meter som vi hoppa over på grunn av veiter. Vi bestemte oss for å legge sjakt 1 midt i hagen fordi vi ynskja og få frem ein gjennomgåande profil. I den øvste delen av sjakta vart det dokumentert ein profil med dyrkingsrestar og ein kokegrop (**S1**) (fig. 33-34) i profilen, mens det i den nedre delen berre vert funnen spor av moderne og etterreformatorisk aktivitet.

I likskap med sjakt 2 og 3 var sjakta klart djupast (2 m) øvst der terrenget stig opp mot bakken og sjakta blir grunnare og grunnare fram til om lag midt i sjakta der det ligg ein voll (som i sjakt 2 og 3) og det berre er 30 cm med overdekke. Når terrenget igjen fell ned mot sørvest blir sjakta djupare, men massane er omrota og sterkt forstyrra av moderne aktivitet.




Figur 30. Sjakt 1



Figur 31. Sjakt 1 mot NA



Figur 32. Profil sjakt 1



Figur 33. Profilteikning sjakt 1, sørleg profil. Kolprøver er markert.


I profilen frå sjakt 1 var det også lagvis torv og ras- eller erosjonsmassar. Her var det likevel nokre lag som skil seg ut. Lag 5, 8, 11 og 13 inneheld alle trekol i varierande mengd. Lag 5, 8 og 11 vart tolka som dyrkingslag, medan lag 13 vart tolka som eit avsviingslag. Lag 5 er 10 – 12 cm tjukt og består av mørk grå silt, blanda med sand og spetta med kolbitar. Lag 8 består av 7 – 18 cm med lys grå silt, lys grå sand og grusblanda silt med trekol. Lag 11 er om lag 5 cm tjukt og består av mørk grå sand og grus med trekol. Lag 13 er ei 2 – 3 cm tjukk trekolrand. Lag 5 vart datert til 370 f.Kr., dvs. førromersk jarnalder (beta nr. 454226) og lag 13 til 2165 f.Kr., altså seinneolitikum (beta nr. 454225).

Det vart også funne ein kokegrop i den nordlege profilveggen av den øvste delen av sjakt 1.

Strukturen er boga, men med ein flat botn. Lag 5 (fig. 33-34) består av 10 – 15 cm med mørk brun nedbroten torv og med synlege kolbitar og skjørbrent stein. I lag 6 er det 3 – 6 cm med gråleg grus og bitar av kol er nedgraven i rasmassar av gulbrun grus.




Figur 34. Struktur 1 i sjakt 1, snitta kokegrop.



Figur 35. Struktur 1 i sjakt 1 profilteikning

Sjakt 5 vart graven ovanfor reiskapsbua, litt opp i bakken. Her vart det dokumentert ein liten rest av dyrking som vart broten av ei øydelagd grøft. Der var også relativt mykje moderne forstyrringar i sjakta her. Sjakta var omlag 5 meter lang og 2,8 – 3,9 meter bred (fig. 35 – 37).



Figur 36. Sjakt 5



Figur 37. Sjakt 5



Figur 38. Sjakt 5 profil mot N

Sjakt 6 ligg red nedanfor reiskapsbua og er om lag 11 meter lang (fig. 35). Det vart i den øvste delen av sjakta funnet eit torvlag. Elles er massane her omrota. I forgrunn av biletet (fig. 38) går ei veite på tvers av sjakta. I bakkant synar eit tydeleg torvlag i profilen.




Figur 39. Sjakt 6

Sjakt 7 er 49 meter lang og 2,8 – 3,2 meter bred. Sjakta er orientert frå nordaust til sørvest, terrenget heller svakt mot sørvest (fig 40). I starten av sjakta heller terrenget mest og flatar nesten heilt ut mot enden. Sjakta vart grave lagvis nedover i dei ulike dyrkingslaga og raslaga for å prøve å finne strukturar i plan. Det vart det ikkje gjort, men det vart funnen restar av dyrking i den nordaustlege delen av sjakta. Som i sjakt 1, 2 og 3 var sjakta naturleg nok her på sitt djupaste og profilen den mest innhaldsrike.



Figur 40. Sjakt 7 mot NA



Figur 41. Sjakt 7



Figur 42. Sjakt 7 mot SV

Profilen vart dokumentert i den korte enden mot aust og den lange sørlege profilkanten i heile utbreiinga til laget (fig. 42). Profilen frå den korte enden nordaust i sjakt 7 er om lag 2,4 meter bred og 2,3 meter høg. Den består lyse lag med sand og silt, og svarte / mørk brune lag med kol. Ser ein bort ifrå lag 14 er det til forskjell frå sjakt 1, 2 og 3 ikkje tydelege torvlag mellom rasmassane, men heller kolhaldig lag. Disse er tolka som dyrkingslag. Lag 5 var mellom 4 og 10 cm tjukt og bestod av svarte silthaldige massar, med mykje kol. Laget vart datert til eldre bronsealder, 1265 f.Kr. (beta nr. 454231). Lag 7, tolka som dyrkingslag, var 3 - 8 cm med mørk gråbrun sand og silt med mykje kolbitar, også datert til eldre bronsealder, 1395 f.Kr. (beta nr. 454232). Lag 10 var 2 – 6 cm tjukt og mørkt brunt sand med mykje kol og vart tolka som dyrkingslag. Det vart datert til seinneolitikum, 1930 f.Kr. (beta nr. 454233). Lag 12 inneholdt lys brun sand og en del store kolbitar og vart tolka som dyring. Laget var mellom 2 – 8 cm tjukt. Det vart datert til seinneolitikum, 2030 f.Kr. (beta nr. 454234).


Mellan dateringane frå lag 5 og lag 7 skil det bere omlag 130 år. Mellom dei ligg eit relativt tynt lag med lys grå silt, ca. 7 cm tjukt som utgjer ein gjennomsnittleg akkumulasjon på 0,05 cm per år. Frå lag 7 til 10, skil det 535 år og om lag 14 cm noko som tilsvara om lag 0,026 cm per år. Her er det og eit tydeleg lagskilje i massane mellom dyrkingslaga. Frå lag 10 til 12 er det 100 år skilnad og ca. 17 cm eller 0,17 cm per år.

Den sørlege profilen er om lag 16 meter lang og varierer frå ca. 1,8 - 0,7 meter i høgde. Overgangen frå den austlege profilen er relativt tydeleg sjølv om lag 9 forsvinn i overgangen. Lag 3,4 og 5 forsvinn etter berre om lag 30 cm og lag 14 etter 1 meter. Motsett så forsvinn lag 11 og 12 i den austlege profilen. Om lag en meter inn i den austlege profilen kjem det inn ei veite , etter denne er det ikkje lengre mogleg å spore lag 7. Etter 3 meter kjem ein ny veite inn og da er det heller ikkje mogeleg å spore lag 10. Etter 9 meter kjem lag 10 inn igjen i to meter, her ligg laget over eit beståande av raudgul grus (lag 15) som igjen ligg oppå eit lag kolhaldig lag av lys brungrå sand og silt (lag 20) som vert tolka som dyrkingslag. Den sørlege profilen synar å vere relativt omrota og prega av drifta av skulehagen, med grøfter og lag som forsvinn ut og kjem inn igjen. Dette kan og vere delvis grunna sedimentasjon frå erosjon eller ras.

Sjakt 7


Profiler mot aust og sør
1:20 ØS
24/11 - 2016

Austleg profil



0 1 m 2 m

Sørleg profil




Figur 43

Sjakt 8 ligg orientert frå nordaust mot sørvest. Sjakta er 41 meter lang og om lag 3 meter bred (fig. 43-44). I motsetting til dei føregåande sjaktene var det ikkje i dei øvste metrane at sjakt 8 hadde flest synlege lag. Først etter fire meter kom ein inn på dyrking her. Lengre opp kan det sjå ut til at det noko meir omrota. Det går blant anna ei veite på tvers av sjakta heilt øvst.




Figur 44. Sjakt 8 mot aust





Figur 45. Sjakt 8

